

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
1  
ROGALAND  
1957

Namnet på vatnet Rosenbuk  
Kommune ..... Ki

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet  
og skriving av meldinga, er utført av Roga-  
land Skogselskap v/ E. Berg etter retnings-  
liner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten  
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind  
Vasshaug.

## R O M A V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 4. oktober 1977.

Vatnet ligg i Hå kommune, nærmere stadfest vest for Synesvarden, og med Snødehaugen og Obrestadheia i nord.

Arealet er ca. 7-8 ha.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det set jamtover ut til å vera eit heller grunt vatn.

Stranda består for det meste av stein, der grunnfjellet nokre stader støyter like til vatnet.

Gjørmebotn dominerer på djupet.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Nedslagsfeltet femner for det meste om snaumark og stort sett med jordsmon over det heile.

Vegetasjonen i vatnet er sparsam, men noko botngras, brasmebras, siv- og algevegetasjon vil ein finna i strandsona.

Hovudtilsigtet er ein bekk som fell inn i nord, og forutan denne fell dei inn nokre mindre bekketilsig.

Avlaupet renn ut i sør til Varhaugåna.

### Dei kjemiske tilhøva.

Fargen på vatnet er gullig-brun og indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 5.2 som er noko surt, men godt brukande for yngel og småfisk.

Innhaldet av kalk ( $\text{CaO}$ ) er 2.2 mg/l og den totale hardheita 4.0 mg/l. Dette er relativt bra samanlikna med andre analyserte vatr.

Elektrisk leiingsemne = 33.89

Gjennomstrøyminga er liten.

### Mageprøver.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 5 fiskar. Her vart det funne fjærmygglarver, vårflugelarver, linsekreps, luftinnsekter og buksvømmere.


### Fisk m.v.

Auren er einerådande i vatnet.

Då vi ikkje hadde båt til rådvelde i samband med denne granskninga, vart 2 garn dradd ut ved hjelp av tau, nærmast for å sjå om det i det heile var fisk i vatnet.

Resultatet etter 1 fangstnatt vart 14 aurar. Av desse vart 10 stk. fanga på omf. 26 og 4 stk. på omfar 20.

Fordeler vi fangsten på cm-klassar vil ei grafisk framsyning sjå slik ut.



Det vart teke prøver av alle fiskane og av desse var det 9 hofiskar og 5 hanfiskar.

Vidare var 4 røde og 10 lys-røde i fiskekjøttet.

5 fiskar (35%) var øytefisk - resten gjellfisk.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4,8	9,2	14,7	21,1	25,0	27,2
Årleg lengdetilvekst i cm	4,8	4,4	5,5	6,4	3,9	2,2
Antall fiskar	14	14	14	14	9	1

Medel kondisjonsfaktor = 0,97 tilseier noko mager, langstrakt fisk.

Vi set nedanfor opp ein vekstkurve for fisken i Romavatnet og samanliknar med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner auren i Romavatnet stort sett ein normal lengdetilvekst. Fisken går mot ei maksimallengd på snaut 30 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken. Til vanleg er det ca. 25-30 fiskar som dannar bakgrunnen for ein slik vekstkurve, så då vi her berre fekk 14 fiskar er det i minste laget, men det vil likevel gi ein viss peikepinn.

#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som noko næringsfattig og surt, men likevel ikkje verre enn at tilhøva er godt brukande for fiskeproduksjon.

Mageprøvene syner at ymse arter av næringsdyr er å finna og garnprøven tilseier eit heller rikt fiskebestand.

Auren er i dag av godt brukande kvalitet og storleik, så mykje tyder på at fiskebestandet er tåleg bra avpassa næringsforrådet. Som kjent spelar nedslagsfeltet ei stor rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatna, og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Romavatnet består for ein stor del av snaumark og myr. Ein må tru at det er myrtilsiga som forårsakar eit noko surt vatn, men då "bufferemna" er så pass god vil det likevel ikkje bli så store svingningar i pH gjennom året.

Slik tilhøva er i dag, vil vatnet kunna "brødfø" eit rimeleg bestand av matnyttig fisk. Det er grunn til å tru at dette også vil vera tilfelle i åra framover.

#### Praktiske tiltak.

Føremålet med denne prøven var å sjå om det i det heile var aure i Romavatnet og kva som event. måtte gjerast i fall det ikkje var fisk.

Vi kan då slå fast, at tilhøva stort sett er normale og at det ikkje vil vera naudsynt med noko utsetjing av aure. Avlaupsbekken er også på sine stader ein god gytebekk, slik at rekrutteringen vil vera sikra. I samband med prøvefisket vart det sett både større og mindre fisk på denne bekken.

Vidare var ein inne på tanken om å tilføre jordbrukskalk eller thomasfosfat for å stimulere flora og fauna. Dette kan ein sjølv sagt gjera, men økonomisk sett er det ikkje tilrådeleg, då gjødselverknaden vil bli utvåska og ny gjødsel må tilførast.

Då vatnet er lite og oversikteleg, vil ein lett kunne halde fiskebestandet under kontroll. Ved hjelp av garnfiske kan ein føre fiskebestandet til det nivå ein sjølv måtte ynske.

Stavanger 21/2 1978

Einar Berg